



RETTLEIING TIL SØKNAD OM PARKERINGSLØYVE FOR FORFLYTTNINGSHEMMA

For å søke parkeringsløyve for forflyttingshemma må du

- Ha legeerklæring som dokumenterer at du ikkje kan gå, eller har store vanskar med å bevege deg over lengre avstandar.
- Kunne dokumentere eit særleg behov for parkeringløyve ved bustad, arbeid, eller i samband med regelmessig medisinsk behandling.

Slik brukar du parkeringsløyve

Når du parkerer skal kortet ligge godt synleg i frontruta for kontroll. Kortet er personleg og skal ikkje brukast av andre enn den som eig kortet. Kortet gjeld deg som person, ikkje bilen. Eigar av kortet må alltid være med i bilen. Misbruk vil føre til at kortet blir konfiskert og det vil bli vurdert å melde saka til politiet.

Kortet skal leverast inn når du ikkje lenger disponerer bil, når grunnlaget for tildelinga ikkje lenger er til stades eller når det ikkje lenger er gyldig. Ved fornying av parkeringsløyve må det gamle kortet returnerast før nytt kan utleverast. Kommunen kan trekke tilbake løyvet ved misbruk eller omstende som gjer at vilkåra for parkeringløyve ikkje lenger er oppfylt.

Tapt eller stole kort skal meldast på same skjema som du søker om parkeringsløyve. Ny søknad med nytt bilde skal leverast til servicetorget i Sula kommune.

Parkeringsløyve nyttast:

- I heile Norge (EØS-modell).
- I utlandet, i tråd med gjeldande reglar i det landet det gjeld.
- På reserverte parkeringsplassar for forflyttingshemma.
- På offentlege, avgiftsbelagte plassar, utan å betale avgift og utover fastsett lengste parkeringstid.
- Utover fastsett lengste parkeringstid på stader som er regulert med tidsbegrensa parkering, men ikkje der det er regulert med begrensa parkeringstid for forflyttingshemma.
- På stader der det er innført offentleg skilta bustadsoneparkering
- Fritak i enkelte bomringar i Norge.

Parkeringsløyve kan ikkje nyttast:

- I strid med vegtrafikklova, trafikkregelane og skiltreglane sine føresegner om stans og parkering.
- På plassar reservert for andre brukargrupper.
- På private parkeringsplassar eller i private parkeringshus.

Privatrettslege parkeringsplassar:

På privatrettslege parkeringsplassar er det eigar av parkeringsplassen som avgjer om, og eventuelt kva for fordelar personar med parkeringløyve for forflytningshemma skal ha. Det er difor viktig å sette seg inn i reglane som gjeld for slike plassar.

Informasjon om tildeling, kven som blir prioritert og kva det blir lagt vekt på:

Søkarar med avgrensa gangevne og eit reelt parkeringsproblem i samband med bustad, arbeid og behandling blir prioritert ved tildeling av parkeringsløyve. Vurderinga blir gjort på bakgrunn av medisinske opplysningar frå legen og parkeringsbehovet som du sjølv oppgir.

Kven skal prioriterast?

Søkarar som har rullestolheis eller rampe i bilen blir prioritert. Etter forskrifta skal behov for parkeringslette i samband med arbeid eller bustad vektleggast. I tillegg er det klar forvaltningspraksis at når det gjeld «anna aktivitet», blir søkerar som ofte er på helserelatert besøk der det er vanskeleg å parkere prioritert.

Kommunen overprøver ikkje legen si medisinske vurdering, men i tillegg til medisinsk vurdering blir også dokumentasjon/opplysninga om praktisk behov lagt til grunn.

Kven blir ikkje prioritert?

Parkeringsløyve blir ikkje gitt til søkerar som

- kun har bruk for parkeringslette enkelte gongar
- primært har behov i samband med handling og sosiale aktivitetar
- i hovedsak kan nytte ordinære parkeringsplassar
- har andre alternative løysingar.

Kva er særleg behov?

Vegdirektoratet har i sine retningslinjer uttalt at det skal sjåast på

- Dei konkrete stadane søker må oppsøke
- Om dei ordinære plassane ikkje kan nyttast av søker
- Kor ofte søker har dette behovet
- Om problemet kan løysast på annan måte.

Det skal spesielt leggast vekt på om søker har parkeringsproblem ved bustad, arbeid/skule og naudsyntaktivitet som medisinsk behandling og oppfølging.

Handling, sosiale aktivitetar og problematikk knytt til bering gir ikkje i seg sjølv rett til parkeringsløyve.

Forskrifta legg opp til bruk av skjønn med omsyn til kva som er å sjå på som som eit «særskilt behov» for parkeringslette. Forskrifta og forskrifter sine retningslinjer, uttale frå sivilombudsmannen og vegdirektoratet, samt forvaltingspraksis blir lagt til grunn for vår vurdering.

Forflytningshemma passasjer?

Sjølv om vilkår i forskriften ser like ute for førar og passasjer, skal det mykje til før det blir gitt løyve til ein passasjer. Passasjeren sitt behov kan bli tatt vare på gjennom av- og påstiging. Førar kan, om nødvendig, følgje passasjeren heilt inn til t.d. venterommet før han/ho gjeng ut og flyttar bilen til ordinær plass. Forflytningshemma sjåførar har ikkje denne moglegheita.

Løyve til søkerar som er passasjer blir gitt i dei tilfella der søker vanskeleg kan forlatast utan tilsyn, sjølv for kortare tid. Det kan t.d. vere sterkt psykisk utviklingshemma, barn i ein viss alder og andre som ikkje kan ta vare på seg sjølv.

Ein søknad skal innehalde:

- Ferdig utfylt skjema
- Legeerklæring
- Kopi av gyldig førarkort
- Kopi av ID-kort om du søker som passasjer.
- Bilde i passfotostørrelse (ikkje utskrift på papir)

Det gjeld både for deg som søker for første gang, og for deg som søker på nytt.
Om ikkje alle vedlegg er med vil ikkje søknaden bli behandla.

Legeerklæring:

Legeerklæringa skal være utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose, samt kor mange meter du er i stand til å gå med og utan hjelpeemidler. Det skal også gå fram om du bruker krykker, stokk, rullator eller rullestol. Legeerklæringen danner det medisinske grunnlaget for vurderinga.

Søknaden:

Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysningar som tilseier at du har eit særleg behov for parkeringsløyve. Det vil sei at du må beskrive kvifor det ordinære parkeringstilbodet på stadane du ofte besøker ikkje kan nyttast. I søknadskjemaet er det tatt med ulike forhold vi ønsker svar på. Vi anbefaler at du er nøyne når du fyller ut skjemaet, slik at vi får eit godt bilde av ditt behov, samt at vi ikkje brukar unødvendig tid på å behandle søknaden.

Tenk godt gjennom;

- Kvar har du vanskar med å parkere, og kor ofte er du der?
- Kvifor er det vanskeleg å parkere der?
- Kva slags parkeringsplassar finns der?
- Kva er det som gjer at du ikkje kan nytte dei ordinære plassane?
- Korleis vil eit parkeringsløyve konkret hjelpe deg på desse stadane?
- Er du ofte til behandling, opptrening, eller hos lege så legg ved dokumentasjon på dette.

Søker du som førar må du legge ved kopi gyldig førarkort. Om du er 75 år eller eldre, må du legge ved dokumentasjon på at du har fått fornøya førarkortet.

Passfoto skal leggast ved alle søknader om parkeringsløyve.

Har du parkeringsløyve og skal søke på nytt? Ver ute i god tid, send inn ny søknad med naudsynte vedlegg seinest to månadar før utløpsdato på kortet. Ved fornying av parkeringsløyve må det gamle kortet returnerast før nytt kan utleverast.

Mangelfull søknad vil ikkje bli behandla.

Om vi treng fleire opplysningar eller dokumentasjon i saka, vil du få brev frå oss. Søknaden blir avgjort innan fire veker frå den dato vi har mottatt all nødvendig informasjon.

Søknad med vedlegg skal sendast til:

Sula kommune
Eining for service- og støttestab
Postboks 280
6039 Langevåg